



Byggraad AS  
v/Ivar Solheim  
Fleslandsvegen 235A  
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/1946 - 16/30525

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
03.11.2016

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 123/148 Risa - bustad

Teknisk drift syner til søknad om løyve til avkjørsle frå kommunal veg datert 17.10.2016 og revidert utenomhusplan motteke 31.10.2016.

### **Vedtak:**

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siksone er ikkje vist på innsendt utenomhusplan. Siksone skal opparbeidast iht gjeldande regelverk. Siksone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreningsrør med diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret og til grøft.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt revidert utenomhusplan .
- Ytterligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Det er ikkje sendt inn lengdesnitt som viser tiltak i forhold til kommunal veg. Dersom ein skal utføre andre tiltak i byggegrense mot veg vil dette være søknadspiktig. Dette gjeld òg for planering av tomt over og under kommunalt vognivå.



**Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknyting til kommunal veg. Bygging av avkjørsle treng også løyve etter plan og bygningslova.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage:**

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytt høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

123-148 utomhusplan rev.A31102016 (211890)

**Kopi til:**

Lindås kommune ved fagsjef veg  
Lindås kommune ved bygesak

**Mottakarar:**

Byggraad AS	Fleslandsvegen 235A	5258	BLOMSTERDALEN
-------------	------------------------	------	---------------